



LINDÅS KOMMUNE

Økonomiavdelinga
 Besøksadresse:
 Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
 Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
 E-post: postmottak@lindas.kommune.no
 Heimeside: www.lindas.kommune.no
 Kartside: www.nordhordlandskart.no
 Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Frank Mohn Mongstad AS
 Storemyra 279

5954 MONGSTAD

| | |
|-------------|----------------|
| Dykkar ref. | Sakshandsamar: |
| | Eirik Schütz |
| Vår ref. | Telefon |
| | 56 37 54 60 |
| Arkivkode: | Dato: |
| | 07.02.2014 |

Varsel om omtaksering med omsyn på eigedomsskatt

Det er tidlegare føreteke ei allmenn taksering av «verk og bruk» på Dykkar eigedom, gnr. 127 bnr. 106, bygningsnummer 23989727.

Verdsetjinga blei fastsatt i medhald av Lov om eigedomsskatt til kommunane [eigedomsskattelova] § 8A-3.

Det følgjer av paragrafens punkt (5) at

«Omtaksering av ein eigedom skal skje dersom det i tida mellom dei allmenne takseringane, ligg føre ein av dei følgjande grunnane:

- eigedomen er delt,
- bygningar på eigedomen er rive eller øydelagt av brann eller liknande, eller
- det er ført opp nye bygningar eller gjort monalege forandringar på eigedomen.»

Det er byggemeldt endringar på Dykkar eigedom, gnr. 127, bnr. 106.

I så høve ønskjer takstnemnda å gjennomføre ei synfaring på Dykkar eigedom, gnr. 127, bnr. 106, **onsdag 12. februar 2014, i tidsrommet. kl. 11.30 – 15.30.**

Takstnemnda som er utnemnd av kommunestyret, består av følgjande personar:

Leiar: Leidulv Brunborg
 Nestleiar: Ingrid Fjeldsbø
 Medlem: Rolf Henning Hegland

Takstnemnda ber om at de stiller med ein representant til stades under synfaringa. Det er ønskeleg å få sjå teikningar, byggjerekneskap, eventuell annan takst o.l.

For nærare informasjon kan De ta kontakt med Lindås kommune ved Eirik Schütz, tlf.: 56 37 54 60 – mob.tlf.: 40913550. E-post: eirik.schutz@lindas.kommune.no

Dersom det vert fastsette ny takst, vil det bli sendt melding. Taksten kan då påklagast til klagenemnda ved å krevje overtakst innan seks veker etter at taksten er lagt ut til offentlig ettersyn den 1. mars, jf. eiendomsskattelova § 19 kor det mellom anna følgjer

«Skattytaren kan klage på den utskrivne eigedomsskatten. Klaga må gjevast inn skriftleg til eigedomsskattekontoret innan seks veker frå det seinaste tidspunktet av den dagen det vart




kunngjort at eigedomsskattelista var utlagd eller dagen skattesetelen vart sendt i samsvar med § 14. Klage over verdet kan bli fremja kvart år i samband med den årlege utskrivinga av eigedomsskatt, dersom det ikkje er klaga på same grunnlag tidlegare år.

...

Er eigedomen bortleigd og skal leigaren svara eigedomsskatten, har leigaren likevel høve til å klaga over det verdet som ligg til grunn for eigedomsskatten. Klaga må vera sett fram for skattekontoret, innan fristen som er nemnd i første leden. Avgjerd i klagesaka får verknad også for formueslikninga åt eigaren.»

Med helsing

Janne Sund
budsjett- og økonomisjef



Eirik Schütz
kommuneadvokat